



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 30.05.2018

Sak nr.: 17/7784-11
Internt I.nr. 28657/18

Sak: 33/18

Tittel: **Søknad om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg**

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale tilskot til realiseringa av fotballhall i Florø, skyteanlegg i Fjaler, Arena Stryn, turnhall i Vågsøy og klatrevegg i Sogndal.

Endringsframlegg:

Hilmar Høl, Ap sette fram slikt framlegg:

Det blir løyvd 10 mill kr til oppstart av Storhall Vest i Flora. Midlane vert teke frå bufferfondet.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg:

Hovudutval for næring og kultur ber fylkestinget auke ramma til «støtte til idrettsanlegg». Dersom fylkestinget set av ein post til dette føremålet, må nærings- og kulturavdelinga leggje fram ei sak med prioriteringsrekkefølge på slike anlegg.

Avrøysting:

Det vart røysta over framlegg frå Hilmar Høl. Framlegget fekk 3 røyster (Hilmar Høl, Marita Årvik og Arve Mjømen) og fall.

Det vart røysta over framlegg frå Senterpartiet:

Framlegget fekk 5 røyster (Karen Marie Hjelmeseter, Aleksander Øren Heen, Erlend Haugen Herstad, Jakob Andre Sandal og Jon Olav Kvamme) og vart dermed vedteke.

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen si tilråding.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Hovudutval for næring og kultur ber fylkestinget auke ramma til «støtte til idrettsanlegg». Dersom fylkestinget set av ein post til dette føremålet må nærings- og kulturavdelinga leggje fram ei sak med prioriteringsrekkefølge på slike anlegg.

